

Sak til Områdeutvalg

Går til:	Medlemmene i Områdeutvalg for Nordhordland
Dato:	03. februar 2023
Saksinnmelder:	Kommuneoverlege i Alver kommune Terese Folgerø
Saken gjeld:	Orienteringssak - ØHD tilbudet i kommunane i Nordhordland frå 1.1.2023
Saksnummer:	07/2023

Bakgrunn

Under innføringa av Samhandlingsreforma etablerte kommunane i Nordhordland felles ØHD avdeling i tilknytning til Nordhordland legevakt. Den interkommunale avtalen vart sagt opp i desember 2021, med verknad frå 1.1.2023.

Samarbeidsutvalet og Områdeutvalet er tidlegare orientert om at felles interkommunal ØHD avdeling, som siste åra har vore lokalisert til Region Norhordland Helsehus, ville verte avvikla frå 1.1.2023.

Vurdering

Dei vurderingane som ligg til grunn for at tilbudet vart avvikla byggjer på ei evaluering som vertskommunen Alver gjennomførte i 2019 «Rapport frå forprosjekt: Evaluering av Nordhordland Øyeblikkelig hjelp døgntilbod.» Denne evalueringa har, saman med ei kost/nytte vurdering av kombinasjonen lågt belegg og høge driftskostnader, fått kommunane til å vurdere alternative løysingar. Ein har kome fram til at innbyggjarane i våre kommunar vil vere betre tent med ØHD tilbod i eigen kommune.

Frå 1.1.2023 har alle kommunane i Nordhordland bestemt seg for å etablere lokalt ØHD tilbod i tilknytning til sine sjukeheimar.

Kommunane i Nordhordland har revidert «Skildring av kommunen sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp, Jamfør Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 6-2 pkt. 4.», som gjeld som «Tenesteavtale 4»

Skildringa følger vedlagt til orientering.

Forslag til vedtak

Områdeutvalet for Nordhordland tek til orientering «Skildring av kommunen sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp Jamfør Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 6-2 pkt. 4.» for kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Osterøy.